

FOLKELIV I LYKLING SOKN -eit kåseri i høve 100-årsmarkeringa for Lykling kyrkje (1913-2013).

(Lyklingsoknets kulturhistorie, (Stautland-Grønnevik-Husa))

***NB!** Teksten er skriven for munnleg framføring, og er ikkje korrekturllest m.o.t. grammatikk. Teksten kan ikkje, heilt eller delvis, trykkast eller lesast opp for forsamlingar utan samtykke frå Brynjar Stautland.*

Det er ærefullt å stå her i kyrkja, og oppgåva sjølsagt umogleg: å fortelje om folkelivshistoria i det området som idag ligg under Lykling sokn, frå A til Å. Nærast er ein vel seg sjølv, så dermed; kvifor kom eg hit? For det første avdi oldemor Anna kom med presten Schjelderup frå Romsdalen til Finnås prestegard i 1910, der ho møtte min oldefar Ole som då arbeidde på prestegarden. Deretter, lenge deretter, kom eg hit avdi folkehøgskulen gav meg arbeid som nyutdanna lærar i 1986. Oppvaksen på Rubbestadneset var det ei *oppdaging* å lære å kjenne dette naturområdet ilag med elevane, med havet i vest med Olvondo, Toska og ope skulehus på Geitung på Kristi Himmelfart. Og Langestraumen med den magiske Tjongspodlen, Sagvatnet og Sembastovo på innsida av øya. Finnås med den flotte Kanalen hadde lett tilgjenge både aust og vest, og openberringar var å finne om ein for begge vegar. Nord-sør går aksen gjennom gullgruver og Siggjo, fjellet som står på tre søyler av gull, der Olav Tryggvason gøymde skatten du ser det blenkje i av og til, dette vulkanforma seglingsmerket som har betydd noko for menneska så lenge det har vore menneske her, fjellet som er nemnd både i Snorres Edda og Eyrbyggjarsagaen. For etter fascinasjonen for naturen, kom kulturen. Eg var heldig å finne meg tomt til eit hus i dette eventyrlandet, og har budd her sidan.

Før oss har det vore folk her i 10-12.000 år, frå då dei store isane smelta og avdekka eit eventyrland. Siggjo kom ut av isen for omlag 15.000 år sidan iflg. målingane til prof. Svendsen frå Rubbestadneset, og har sidan då vore synberr **45** sjømil vest av Bømlø, iflg. fiskarane. Sigg, Sykh, Siggju eller Siggjo som den er nemndt i ulike kjelder frå medelalder til 1600-talet, betyr "den synberre", og er eit av dei kjente seglingsmerka langs kysten. Fjellet har óg sjølsagt spela ei rolle i leidangsvarslinga som kong Håkon den Gode innførte på 900-talet (Håkons mor var som de veit Tora Mosterstong). Frå Siggjo kunne ein varsle heile norskekysten med vétar på sju dagar!

For pionerfolket som befolka norskekysten i løpet av ein generasjon eller så, i det me visstnok feilaktig kallar *steinalderen*, fekk vårt øyrike snart ein spesiell status. Hespriholmen i nabosoknet vart hovudkjelda for grønsteinsøksane som prega kulturen mellom Lista i sør og Sognefjorden i nord gjennom *seks tusen år*. Men også i Lykling sokn er det grønsteinsbrot, om enn ikkje like

spektakulært som Hespriholmen. Men rett over Sletten i Grønnevik finn du eit grønsteinsbrot der det er teke ut materiale til øksar, truleg av dei same klanen som henta ut den glasaktige ryolitten på Siggjatoppen i løpet av eit tusenår i overgangen mellom eldre og yngre steinalder. Ryolitten frå Siggjo vart nytta til pilespissar, og er funne att heilt opp til Gjeviltvatnet i Trøndelag. Spor etter steinalder finn ein elles i alle sørvende vikar på Finnås, som på heile Bømlo, men frå folket som levde her i jernalder og bronsealder har me óg spor; gravrøyser ligg att både på Stautland, Oldereid, Askhusholmen og Hidle. Eg ser rett bort på Askhusholmen, og tenker at der fekk han, kanskje heitte han Ask?, flott utsikt over fjordlandet dei levde i, også etter jordelivet. Det er ein fin tanke i det, sjølv om ein kan forstå behovet for å gravleggje folk på kyrkjegardar slik det vart påbode i Noreg med Kristenretten på Moster i 1024.

Før 1000-talet veit me lite om livet her, anna enn at Bømlo med sin grønstein og ryolitt vart eit råstoffsenter, og dermed kanskje eit kultursenter?, på Sørvestlandet gjennom dei fem-seks første tusenåra det levde menneske langs norskekysten.

Men så, frå slutten av 1000-talet fortel skriftlege kjelder oss meir om livet i dagens Lykling sokn. Då trekyrkja som Olav Tryggvason fekk bygd på Moster i år 995 skulle skiftast med ei steinkyrkje, måtte dei til Lykling for å finna kleberstein til denne. Her hadde dei då truleg lenge teke ut kleber, eller *grjotstein* til gryter, men kleber til hus var til då aldri nytta her før. Mostrakyrkja er bygd i kistemurteknikk som ikkje krev kleberstein i *heile* konstruksjonen, men heile sokkelen og hjørnesteinane er i kleber frå Lykling. Då Mostrakyrkja var ferdig henta ein så kleber i Uro til *alle middelalderkyrkjene i Bergen*, i den grad at kleberbrotet på Lykling er rekna til Hordalands største. Men Mostrakyrkja var altså først ute som mottakar av store, lett formbare kvadersteinar frå Lykling, og det betyr at arbeidet her har starta på slutten av 1000-talet og halde på til år 1140 då den siste middelalderkyrkja i Bergen var ferdig. Då var og kleberbrotet på Lykling tomt, i alle fall med tanke på slike volum som kyrkjestein krov. For stein derifrå har seinare gjennom hundreåra blitt brukt til mindre redskap. På Vordneset kan Rolf Møgster visa eit notaloft fullt i gamle nøter med klebersøkkjer frå Lykling, og han huskar god at fiskarar frå Lykling hadde med seg kleberstein frå Uro heilt opp på 1960-talet. Sjølv har han sitte i fjøra og bort hol i notastein frå Uro i sin ungdom. Så det har dermed vore uttak av stein i Uro i alle fall i 1000 år.

Kven som tok ut steinen til kyrkjene i middelalderen veit ein ikkje, men det var neppe lokale folk. Dette krov spesialkunnskap, og kan ha kome med handtverkarar som følgde byggmeisteren på Mostraskyrkja. Korbogen i Mostrakyrkja tyder på at byggmeisteren var engelsk, men dette er ikkje aldeles sikkert ifølge dei som skal vita. Uansett, det har vore liv og røra ved Lyklingsjøen tidleg på 1100-talet, truleg med framande tungemål og sikkert med nye handverkstradisjonar. Og kanskje det fekk konsekvensar for ei og anna slekt i området óg? Elles er det kleberbrot i Beindalsvikjo på Sørå Sele, og her vart det henta kleber til restaureringa av Håkonshallen i Bergen på slutten av 1800-talet.

Men frå 1140 skulle det ta mange hundre år før det vart aktivitet i same skala i desse bygdene. Og husk at det den gong var lite folk som budde i dette landet, på denne øya og i det området som Lykling sokn idag representerer. Neppe meir enn nokre få hundre, men det skal eg koma tilbake til. Folk har igjennom hundreåra levd av heimafiske og smaler, og lyngheiane som enno pregar kysten er resultat av svedjebuket som kom inn i kulturen i yngre steinalder, truleg med innvandrande folk som hadde både dyra, tradisjonen og kunnskapen om husdyrhald og landbruk med seg.

Skottehandelen på 1550-1650-talet har neppe vore like utbreidd på Bømlo som td. på Tysnes, men ifølge Simon Steinsbø la skottane til ved Laberget på Børøyno for å lasta tømmer og færingar, i byte mot sine varer. Landet rundt Tjongspollen var truleg ein av dei få stadene med skikkeleg skog på Bømlo i denne tida då svært mye av menneskas kvardag var avhengig av trevirke og beiteland.

Ein pussig liten anekdote frå denne skogkledde delen av Bømlo, og soknet, kan nemnast frå desse dunkle hundreåra, nærare i 1668-matrikkelen, nemleg om "ødegården Nautsund". Den låg omlag der trafostasjonen rett før Børøybrua ligg idag, men garden vart fråflytta på 1600-talet pga av beiteskade frå hjort! Hjorten åt dei altså frå gard og grunn. Dette er i ei tid då kjeldene viser til svært lite, faktisk mest ikkje, hjort inne på fastlandet pga mykje ulv, bjørn og sjølvsagt jakting. Ingen hadde den gong råd til å fø hjorten med det kornet og graset folk og dyr skulle leve vinteren gjennom på. Så om det var farleg å vera hjort i utmarka der ulv og bjørn regjerte, var det ikkje mindre risikabelt å trø inn på ein innebø der bonden vakta kornstaurane med haukeblikk og flintlåsbørser. Hjortebestanden på sørvestlandet overlevde difor truleg akkurat her ute på dei ytste øyane i Sunnhordland, der det var lite folk, noko skog og etter som kjeldene seier, korkje bjørn eller ulv. Ei anna kjelde styrker påstanden, nemleg ein dom frå 1670 der presten Hans Meintz i Finnås vart innstemna for Domkapitlet i Bergen og ilagt bot til "Enke och Pupillkassen" i Bergen for å ha forsømt gudstenesta og istaden jakta hjort i Siggjahadlo. Det var sjølsagt for gale, men eg kan jo ærleg talt forstå han. Når det elles gjeld rovdyr på Bømlo, finnest det som sagt ingen kjelder som viser til ulv eller bjørn, men det er stadig nemnt revafeller i skifta etter folk. Reven har etter dette å døma vore talrik her, som eit problem for fiskarbonden sjølvsagt.

Prestane som heldt til på Finnås prestegard, bygd tidleg på 1500-talet, har sett sine spor. Lenge ganske kranglete spor, ifølge rettsprotokollane. Men så, frå midten av 1700-talet skjer ei endring som det finnest eindel kunnskap om. Tre generasjonar Hertzberg som sokneprestar frå 1744 til 1830 skulle gjera Finnås til eit kultursentrum i vid omkrets. Peder Harboe Hertzberg kom med far sin Nils til Finnås Prestegard i 1740-åra, og skulle setja gode spor. Peder overtok endeleg farens sokneprestestilling i 1764 og var interessert i mangt. Sønene hans igjen, Niels, Christian og Peder d.y. vart i sin tur sokneprestar Finnås, Kvinnherad og Ullensvang. Men det er altså Peder, dvs nr. to i rekka

av Herzbergprestar på Finnås, som står mest fram, ikkje minst pga hans bok "Underretning om den udmerkede jordefrugt potatos at plante og bruge". Han var ikkje den einaste "potetpresten" i landet i denne tida, men med boka truleg den best kjende.

Folketalet auka sterkt på 1800-talet, her som elles i landet. For Finnås herad, **dvs. heile øya**, auka folketalet med *144% frå 1801 til 1865*, dvs. frå 2000 til 4300 menneske. For Bømlo sokn, nabosoknet som kanskje kan gje ein peikepinn på korleis det stod til i *dette* soknet, betydde dette ein auke frå 360 til 812 menneske i den første halvdel av 1800-talet. Busetnaden i det som no heiter Lykling sokn, som for heile øya, har altså fram til midten på 1800-talet vore **langt mindre enn** den me kjenner idag. Årsaka til den store folkeauken i landet på 1800-talet er samansett, men skuldast lågare barnedødelighet som følge av den nye koppevaksinen, introduksjonen av poteta og ikkje minst det rike vårsildfisket som slo til i første halvdel av 1800-talet. Sild er næringsrik mat! Og Hertzberg'en bidrog altså med si bok om potetedyrking. "Sild og poteta" er eit omgrep som oppstår i denne tida, og viser at silda neppe har hatt same status før 1800-talet.

Men tilbake til Herzberg i siste del av 1700-talet; han var ein mann av si opplysningstid, la seg opp i mykje, og fekk seg dessutan ein dugande klokkar i ein tilreisande kar med namn John Simonsen Birkeland (seinare kalla Saxeide). Han kom som steinarbeidar frå Vikebygd til Moster tidleg på 1770-talet, men vart snart tilsett som skulehaldar, klokkar og handverkar hos Hertzberg'en. Presten hadde auge for dugande folk. Sidan slutten på 1000-talet var det brent marmor til kalkmjøl, brukt til sement, på Moster, men tidleg på 1700-talet tok Peder Montagne de Lilienssciold, eller den grusomme "Montanjen" som han vart kalla, tak i marmor-*byggestein*-mutvinninga på vestlandskysten med vekslande hell. Kongen i København var hovudkunden. Etter at Lillianschiold-perioden var over, overtok Herzberg i 1773 marmordrifta saman med huslæraren sin, jurist Hosewinkel Christie frå Tysnes. Herzberg, Christie og den hendige klokkar John bygde då opp "Marmor Fabriquen" ved Åreiddalselva, der prestegarden heilt frå 1650-talet hadde hatt eiga oppgongssag for tilverking av material til vøling av prestegardshusa. Her i sitt "maskinkammers" klekka John Klokkar og Christie ut "sindrige mekanismer", og sagde og pusste marmorblokker. Fire plater kunne sagast i slengen, og produktet vart stort sett trappestein, gravsteinar og bordplater. Korvidt desse hamna utanlands er usikkert, men elles veit me at mostramarmor frå Montanjen si tid hamna både i slotta i København og i ei kyrkje i Karibien. Italiensk marmor utkonkurrerte på 1830-talet vår marmor, trass i Simonsens stadige forbetringar nede på "Marmor-Fabriquen" i Åreidelva. Men eitt minne står att i Åreiddalen, den kvite steinen i murkanten over brua. Den vart funnen i elva då dei bygde brua i 1931, og sidan den var lett å skriva i og elles kvit og fin, sette dei den i muren med inngravert 1931. Ei anna lita historie med link til marmorsaga er Jochum Conradsen Hoff som óg arbeidde på marmorsaga i Åreid på slutten av 1770-talet. Han var tilflyttar, og den første som budde fast på Ølvesøya. Der heldt dei på å svelta i hel ein vinter då Finnåsvika fraus til. Han flytta deretter til Melkevik og rydda gard der. Jochum er bestefar til den

seinare Kolbein Melkevik, skipperen på gullgruvedirektør Blewetts lystyahct og den som skreiv Kolbeinsviso'.

Klokkar Birkeland, eller Saxeide som han skifta namn til då han flytta dit, var elles openbernt ein kunstnar. Han laga td. marmorsarkofagane til baron Londemann og frue som står i Rosendal kyrkje den dag i dag, men er mest kjend for ein flott byste av rektor Boalt på Bergen Katedralskule, og elles eit solur som er i privat eige på Bømlo. Denne hendige klokkaren er elles nemnd i Weinihcs Kunsthistorie som eit stort og autodidakt talent.

Men det er meir att ifrå Hertzberg'ane. Almugedelen av huset deira står framleis att på prestegarden på Finnås, folkeminnet kallar den Katedralen, idag noko prega av tidas tann.

Uansett; den eine av sønene til Peder, Nils, ville så sterkt bli landmålar, så han sette seg rundt 1780 seg fore å teikna eit kart over Bømlo for så å studera vidare til fullbefaren landmålar i København. Han fekk med seg flogvetet John Klokkar, og saman må dei ha sett seg på Siggjo, og elles rodd rundt heile øya med holmar og skjer, og teikna eit ganske imponerande korrekt kart over øya. Litt hjelp har dei vel og truleg hatt i eldre hollandske sjøkart (1683) som sikkert fantest i den Herzbergske heim. Men landmålar vart Niels Herzberg uansett ikkje. Faren fekk han raskt inn i folden igjen, og Niels vart prest som både faren og bestefaren på Finnås. Nils vart sokneprest i Kinsarvik, såvidt eg veit.

Sildefisket tok seg som sagt kraftig opp på 1800-talet langs heile kysten, og dette skulle få vesentlege konsekvensar for dagens Lykling sokn på mange vis. Spesielt for Bømlo var det at silda gyttte ved Espevær, og dei øyane vart difor ein svært viktig samlingsstad for sildeflåten på sørvestlandet. Til Espevær og generelt til vestsida av Bømlo var det mange som då ville med landnøtene sine. Dei som ikkje åtte part i eit bruk, kunne likevel få til maten verdt den lange turen ved å pitle opp den silda som flaut ut av nøtene då desse vart "tørka" som det heitte. Turen frå austida av Bømlo og til fiskefelta på vestsida var lang og tildels utsett, sjølv om Drageidkanalen vart opna og den indre leia langs Melingslandet kunne vera nokonlunde trygg. Likeeins var det risikabelt å ro og segle sørom Ådno. Alternativet for å koma seg frå aust til vest og vice versa, var å dra laromsbåtane over Kulleseidet på stokkar. Det heiter Stokkhaug der den dag i dag, og draleia gjekk forbi gamle telegrafan, under butikken og ned til ope vatn ved Trygve Larsens hus. I 1852 var det at ordførar Jakobsen, busett i Auklandsneset som då var ein del av Finnås herad, sette seg føre å få laga ein ferdskanal over Kulleseidet, slik at fiskarane fekk ein raskare og tryggare veg til sildefelta. Og dette var i ei tid då statsbudsjettet var etla til infrastruktur som kanalar, kaiar, vegar og etterkvart jernbane.

Det finnest eit lydopptak av lensmann Henrik Robberstad der han gjev uttrykk for bakgrunnen for Kanalen, og det går slik:

Bømmeløy ligge uti Nordsjøen, og har ei lengda hvis ein skal bila frå Rolfsnes til Bømmelhamn på omtrent femti kilometer. I midten av forrige århundre, i

1850 åra, var det veldig mækje og godt vårsildfiske på vestsida her. Folk kom frå det indre av Søndhordland, Hardanger og Voss og tilogmed frå Hallingdalen for å tena pengar på detta.

Og so fann dei ut at når det var ruskaver så var det vondt å komma på vestsida forbi odden i sørenden, og det var långe vei å komma forbi Rolfsnes og gjennom Brømssund på vestsida.

Det førde til at den dåverande ordførar i Finnås, som den gong heitte Jakobsen og budde på Auklandsneset, tok opp i Fylkestinget spørsmålet om å få ein kanal gjennom Kuleseidet og Sakseidet på Bømlo. Kuleseid og Sakseid ligg omtrent midt på Bømlo, og då ville dei spara mækje ruskaver og reising, og komma direkte.

Stortinget vedtok i 1854 å byggja dessa kanalane. Det var då kalkulert heile arbeidet til 65.000 kroner. Og så vart detta utlyst, og ein løytnant Sissener som kom frå austlandet, han tok akkord på det, heile arbeidet, for 65.000 kroner, og begynte arbeidet same våren, og var ferdig etter to års arbeid, i 1856. Då var alle tre kanalane ferdige.

Sitat slutt.

For å lage flot i den 1700 meter lange traseen mellom Vordnesosen og Finnåsvika, måtte Sissener bygge tre kanalar over eksisterande eide og straumar; Den vestre, frå Vordnesosen til Steinsvåg, den midtre mellom Steinsvåg og Sakseidpollen, og den austre mellom Sakseidpollen og Finnåsvika. Prosjektet var stort på nasjonalt plan. Entreprenøren, Johan Sissener som Robberstad nemner, var kjent som ein av landets sterkaste menn. Det er utgjeve ei bok om bragdene hans, der han m.a. berga nokre kvinner i nød då dei på ein søndagstur vart angrepne av ein mannavond okse. Sissener var med i laget, og stod støtt framfor kvindene då oksen kom rennande, tok tak i hodna på han og vrei nakken på oksen sopass den knakk. Ikkje løye det vart bok og beundring. Og kreftene kom vel med i arbeidet med å bygge demningar som skulle halde sjøvatnet ute medan dei fekk laga kanalen med handemakt og svartkrut. Han klagde mest på regnet, og arbeidsstokken måtte aukast frå 24 mann til 200 før Kanalen i 1856 stod ferdig, omlag halvparten så brei som den me har der i dag. Det var i forkant diskusjon om korvidt brua skulle gå der den går idag, eller over austre Kanalen der det alt før dette hadde vore ei lita gangbru. Den hamna der den er, pga Kuleseidfolkets beiterettar i Hidlesneset. Det vart for langt for dei å drive smalen over austrekanalen, meinte dei. Ved brua vart først Jakob Brede Zahl tilsett som vaktar og bompenggeinnkrevjar, og huset han fekk til bustad der ved kanalskanten var usedvanleg flott til den tida å vera, her i distriktet berre overgått av prestebustaden på Finnås og handelstaden på byHiskjo'. I 1857 vart så Kuleseid Fiske-Telegrafstation bygd ved kanalvaktarbustaden, som det første større hus som Den norske Statstelegraf bygde for eiga rekning. Tidlegare same år var det opna telegraf i Espevær, men den i eit rom i Baadehuset. At det vart etablert to telegrafstasjonar på Bømlo i 1857 vitnar om kva status dette området hadde for folk og næring i den tida. Vinter- og vårsildfisket hadde raskt utetter 1800-talet blitt ei ny og

svært viktig næring, der karane var vekke i månadsvis og kvinnene meir eller mindre overtok drifta av gardane. I tillegg dreiv karane sommarfiske etter makrell og sei, og hummar og laks på haustane. Historiane går om karane som låg i haugane på fine sommandagar med eit strå i kjeften og "akta på makrel", viktig arbeid må vita, medan kånene onna på garden der dei var både hest og traktor sjølv.

Ellers er det jo eit litt kuriøst kapittel ved Kanalvaktarbustaden óg, nemleg at han som overtok jobben etter Brede Zahl, Samson Svendsen, fekk 22 born, eller var det 23? Kanskje var huset stort og flott til den tida å vera, men å sjå føre seg eit kvardagsliv med 22 ungar i det vesle huset idag, vel... og dette var i tøybleienes tid... Men ungane derifrå har jo utmerka seg i mangt og mykje konstruktivt i ettertida.

Frå 1927 til 1935 vart elles Kanalen utvida til omlag doble breidda, og ny motorisert vippebru vart bygd med Sandberg'en og tante Alma som kanalvaktarar. Bru-kara etter den står enno. Melkevik og Skimmelandskaien ved Kanalen med sine rutebåtanløp, tinghus, telegraf og telefon, sin lensmann, dokter og prest, var det lokale knutepunktet i øysamfunnet Bømlo, heilt til bilvegen overtok som ferdselsåre for folk flest. Då ny kyrkje på 1860-talet skulle byggjast som erstatning for den gamle og forfalne 1600-talskyrkja på Gåsland, var Vordnes ein av aktuelle lokalitetar ilag med Svortland og Rolvsnes. Svortland vant lokaliseringkampen den gongen, og det har kanskje hatt sitt å bety for kor kommunesenteret i Bømlo etterkvart vart liggande.

Frå Kanalen er det ikkje langt til Lindøy, som skriv seg inn i historia på 1860-talet. Frå 1864 var det blitt skjerpa etter kis fleire stader i Bremnes og Finnåsområdet samt på Espevær, såvel som i store deler av Sunnhordland. På Bømlo vart det kisgruvedrift på Alvsvåg og Lindøy, og for dette soknets del er det altså Lindøy som gjeld; Her dreiv det Det Bergenske Grubeselskab med "den berømte" Peter Jebsen som eigar, drift etter *svovelkis* nokonlunde kontinuerleg fram til 1876. På det meste hadde dei 30 mann i arbeid på øya, med Hans Olaf Lind som bestyrar. Svovelkis var råstoff m.a. til ammunisjon, etterkvart dynamitt, medisin, men ikkje minst råstoff til den svært viktige svovelsyra som ein akkurat på den tida byrja å kunne framstille industrielt. 1876 vart drifta nedlagt, men spora etter aktiviteten er lett å sjå idag.

Akkurat på Lindøy var der ein ungdom i denne tida med namn Knud Olsen Lindø, fødd i 1844, og han såg lenger enn til Hiskhåvet. Han var skuleflink og arbeidde mellom anna som lærar i Bremnes sokn før han fekk skuleplass ved det tredje kullet på Misjonsskulen i Stavanger. Han vart ordinert til misjonsprest av biskop van der Lippe i Kristiansand i 1874, og reiste til *Madagaskar* med misjonsskipet Elieser i mars same året. Norske misjonærar hadde såvidt etablert seg der i 1866, åtte år før Lindø var på plass. Han var då 30 år gammal, og nådde Madagaskar etter fem månaders seglas. Han vart lag med tre andre misjonærar sett iland på vestkysten av øya. Den eine av desse tre var ein annan sunnhordlending ved namn Arne Valen. Arne fekk seinare ein són som heitte Fartein. "En overmenneskelig tung bør ble lagt på de unge menns skuldre, som sendtes ut i 1874", står å lesa i ei kjelde. Malariaen herja

der Lindø og Valen vart sett til å arbeide, og begge var nær ved å stryka med fleire gonger, men kom seg "som ved et Guds under", igjen eit sitat. Etter tre år ved kysten vart Lindø flytta lenger inn i landet der klimaet var betre, og der grunnla han m.a. ein misjonsstasjon i Soatanana som han styrte i mange år etterpå. To år seinare kom det til han ei norsk jente han skal ha vore trulova med heime, men ho døydde snart av malaria. Han vart gift oppatt med ei frøken Franzen som var lærar for Misjonsselskapet i Tananarive, og dei to budde og arbeidde på Madagaskar fram til 1908 då dei vende heim til Noreg og Mandal. Lindø døydde i Mandal i 1919, 75 år gamal. Korvidt han har etterkomarar, og om han nokongong var tilbake på Lindøyno, er meg uvisst. Og kvifor ein ung mann frå Lindøyno kom på å reise til Madagaskar som misjonær i 1874, er eit etter måten godt spørsmål. Dette *kan* sjåast i samanheng med at sosiale reformrørsler og all slags organisasjonsliv og "Gode Selskab" blømde i Noreg utetter 1800-talet, og spesielt religiøse slike i siste halvdel av 1800-talet. Noreg hadde aldri koloniar, om ein ser bort frå tre karibiske øyar under den dansk-norske kongen på 1700-talet, men ingen andre land kunne måla seg med Noreg då det gjaldt antal misjonærer i forhold til innbyggjartal på slutten av 1800-talet. Og Lindø var altså ein i denne relativt store flokken.

Eit lite innsmett her før me skal over i eit anna gruvekapittel i soknet; gullgruvene; I 1869 byrja Salve, ma'en til Kyrkje-Martø, som sagmeister på Sagneset i Tjongspodlen. Han vart ein føregongsmann i og med at han var den første i distriktet som gjekk over frå oppgongssag til sirkelsag.

Men så; Gullgruvene er sjølv sagt eit viktig innslag i dette området si historie. Det starta i 1864, då ein gut som såg etter smalene fann ein gullstein i kisbrotet til skjerpar Modum ute på Kammaren. Denne gullhaldige steinen fekk bergmeister Dahl hand om då han kom forbi, utan at dette starta noko gullrush. Amund Helland og Hans Reush, begge seinare kjendisar i norsk geologihistorie, er innom på Løkling og tek nokre prøvar på 1870-talet, antakeleg avdi det var ein svær optimisme knytta til *kisutvinning* i Sunnhordland og Nord-Rogaland på denne tida. Kisgruvene på Lindøyno har eg nemnt tidlegare, og det vart óg skipa ut kis frå Sakseid på 1860-talet. Reush og Helland finn gull både her og der på Lykling, skriv om det i magasinet "Naturen", og Amund Helland reknar til og med med at her kunne bli funne mellom 200- og 300 kilo gull her med industriell drift. Men ingenting skjer, før ein skriv 1880 og ein ny skulegut kjem til læraren sin med ein rar stein han har funne på veg til skulen. Læraren heiter Rasmus Bødal, kjem frå Stryn, har fått utdanning på Stord og er skiftesvis lærar og sesongtelegrafist. Han var visstnok ein nyfiken kar, og den tunge, gule steinen han blir forevist vekkjer interesse. Han får med seg sin husvert i Bertlahuset; Ole Olsen Nøkling og telegrafistkollegaene Reitan og Hansen, og saman går dei laust på kvartsen ved Storhaugen, der guten fann steinen og Oscarsgruva er idag. Dette var starten til eit, i ettertid alle fall, eventyrleg kapittel i vår lokale historie, då verda kom til, og skreiv om, eit Bømlø som verkeleg var annleis enn idag. Vegar fanst ikkje, sjølv sagt. Carl Olsen skriv om sitt møte med

Bømlo i 1880-åra følgande: "*Bømmeløen er en Naturmerkverdighet.*" (siter frå boka s. 9-10)

Vel, mellom 2 og tre hundre kilo gull vart, som Helland profeterte, teke ut fram til 1910, og kanskje 300 mann på sitt meste fann tidvis løna arbeid i dei tre store selskapa på Lykling, der det engelske selskapet var det desidert største. Gruvesamfunnet var nok relativt isolert frå resten av øya, men samstundes var alt meir isolert den gong enn no. eindel lokale selde varer og mat i gruvene, og i siste perioden frå 1906-1910 var det dessutan mange bømningar som fekk arbeid der, Jørgen Melkevik, t.d, son til lystyachtskipper Kolbein Melkevik.

Kvifor vart ikkje gruvene ein del av pensum i min skulegong på Bømlo, skulle tru at det var eventyrleg historikk nok i det både for lærarar og elevar? Mi hypotese er at gruvene vart eit slags samfunnsmessig nederlag, den store gull-hypen vart snudd til konkursar og sosiale problem med fattige sluskar som kom tilreisande utan anna enn det dei stod og gjekk i, alkoholproblem, ungar fødd utanfor ekteskap, til slutt giftig kvikksølv og farlege gruvehol i beitemarkene. Alt vart fjerna, som om ein ville utradere det frå det kollektive minnet. Kun stigerbustaden att. Gruvehistoria vart ikkje noko å skryta av, og gullet var det dei aller færreste som hadde sett noko til. Bødal og kompisane tente rett nok pengar, men med unnatak av Ole Olsen Nøkling for alle herifrå. Men Stord har overteke litt av vår gullhistorie. For der står direktørhuset som vart reist ved Blyttadammen, med glasveranda og pianospelende direktørfrue, eit hus som må ha stått fram som ei openbering, **eit slott** for bygdefolket i 1880-åra. Madam Jonassen sitt administrasjonsbygg står som barnehage på Litlabø enno idag.

Ein annan "bømlating" på Litlabø er stauen av gruvearbeidaren i kisgruvene. Modellen for den statuen skal vera Martin Løkling, ein original frå Våge som arbeidde i kisgruvene på Litlabø. Mange artige historier går om Martin Romundsen Løkling, son til Ole Romundsen som kom som slusk og pumpemann til gullgruvene.

Ein annan gjenstand i gullgruveområdet som det vart kasta lys over så seint som i vår, er to store malmplater som ligg att ved Skyttarstemmen på oppsida av vegen, omlag tvers for snuplassen. Etter litt undersøking finn me ut følgande: dette er skyteskiver frå eit skyttarlag, **Bømmeløens Skytterlag** som vart stifta på Lykling i 1887. Dette er truleg det første organiserte laget i Bømlo, i alle fall verdslige, og dette skjer i ei svært nervøs politisk tid i Noreg, med ei unionsoppløysing på trappene. "Formand" i laget, Marcus Kirkeeide er lærar på Lykling i denne tida, og andre som er nemnde som konkurransevinnarar ved stemner i 1889 er Ole Nordal og Iver Hansen. Eg meiner at eg har sett namnet Ole Nordal i personellistene til Oscarsverkjet. Ideen om *skyttarlag* har truleg kome til Bømlo utanfrå, kanskje akkurat med lærar og skyttarlagsformann Kirkeeide som gjennom si utdanning var vidare orientert enn den jamne fiskarbonden her. Medlemene var ifølge resultatlistene som sagt nordmenn, og ikkje "engelsk adel" som ein kanskje kunne tenke seg då det gjeld bruk av noko så dyrebart som våpen til adspredelse på Lykling i gruvetida. "Centralforeningen for Udbredelse af

Legemsøvelser og Vaabenbrug" som Bømmeløens Skytterlag var organisert under, var imidlertid ikkje til adspredelse og sport, men iflg. Einar Vorland eit *politisk prosjekt* der ein skulle betre mobiliseringsevna til norske menn gjennom fysisk fostring og skyteøvingar. Og; apropos den politiske situasjonen: Centralforeningslaga var det ein kalla "kongetru" det vil seia at dei i all hovudsak støtta unionen, og leiinga besto for det meste av offiserar og overklasse. Men i den tida me no snakkar om, 1880-åra, vaks det fram ei svært sterk nasjonalkjensle i Noreg, og i Trøndelag kom venstreradikalaren Ola Five bokstaveleg tala på banen og skipa det han kalla "folkevæbningssamlag". Desse skulle vera ein motsats til dei unionstru Cenralforenings-laga, og skyttarlaga i *Folkevæpningslaga* henta i hovudsak medlemmene frå "allmuen". Det vart sterk rivalisering mellom dei unionstru Centralforenings-laga (Cf), som det på Lykling, og dei patriotiske Folkevæbningssamlaga (Fv). Og dette kunne sjølsagt bli farleg. Begge org. var interessant nok lova tilskot frå staten, men regjeringa Selmer vart likevel stilt for riksrett der eit av tiltalepunkta var at regjeringa berre hadde utbetalt statsbidrag til den unionstru Centralforeningen. Striden mellom dei to rivaliserande skyttarorganisasjonane enda med at Stortinget oppretta Det frivillige Skyttervesen i 1893. *Centralforeningen* der lærar Kirkeides skyttarlag på Lykling var med, måtte endre namn til "Centralforeningen for udbredelse av Idrett" og vart forløparen til Norges Idrettsforbund.

Så der har dåke den, fortalt av to svære, knuste malmplater oppe ved Skyttarstemmen på Lykling!

Desse kapittele av gullgruvehistoria tok slutt rundt 1910, då drifta i The Haakon Gold Mining Company vart avvikla. To år seinare vart altså Lykling kyrkje bygd, utan at eg trur det har nokon samanheng. I 1916 vart alt av laust og fast i gruvene auksjonert bort med lensmann Magnus Robberstad som auksjonarius. I gruveområdet er berre murane og eitt hus, stigerbustaden att. Der er det visst ny eigar no som heldigvis vil ta vare på huset i gamal, original stil. Det skal me vera glade for, for det er verkeleg eit kulturminne.

Etter 1916 har det vore leita etter gull på Lykling meir på hobbybasis, og framleis finnest det einaste noverande utmålet og konsesjonen i Noreg for utvinning av gull på Lykling. Eigd av ein hverande kar med vener...

Men så må me hoppa litt, og det tilbake til Lindøyno. Der vart det i 1904 reist ein barneheim, finansiert av ei privat gåve på kr. 10.000,- , ein svært stor sum på den tida. Det kan spekulerast i om det er eigaren av Lindø gruver 30 år tidlegare, Peter Jebsen som donerte pengane til øya der han hadde henta ut svovelkisen. Han hadde nok pengane i alle fall. Eller kan det ha vore Lindøymisjonæren på Madagaskar som sende pengar heim til dette? Det blir berre spekulasjon. Men sommarstemnet for Guttehjemmet Fredheim på Lindøy var i ein 15-års tid ei årviss storhending som samla mykje folk som gav mat, gaver og pengar til drifta av guteheimen. Huset og barneheimsdrifta vart flytta til Bergen i 1920.

Neste historiske milepæl ein finn om Lindøyno, er når Johannes Baldersheim og Peder Magne Klepsvik legg ut herifrå 16.mai 1940 for å ro til Shetland der

dei ville verve seg som pilotar til kamp mot nazismen. Dei nådde utruleg nok land ved Canair Head i Skotland og tenestegjorde seinare i RNAS.

Forsvarsviljen var udiskutabel. Men det var fleire i soknet som utmerka seg i denne tida. 15-åringen Øyvind Steinsvåg tok båten til Alice Bredesen sin far, M/S Streif og stakk til Shetland ilag med Rikard Løkling og ein annan kar den 27. august 1941. Dei ville verve seg til kamp. Som 16-åring var Øyvind Steinsvåg med Peter Salen på M/B Siglaos frå Shetland til norskekysten på sin første tur. Det skulle bli omlag 50 turar, med Siglaos, MTB'ar og deretter ubåtjagaren Hessa. Han kom heim på 19-årsdagen sin i juni 1945. Han var heldig som berga livet. Søyla utom døra her ber diverre mange namn på ungdomar som *ikkje* kom frå krigen i live. Jens Grutle var ein annan frå dette soknet som tok ei skøyte og drog over Nordsjøen. Jens for ilag med Nils Berner Vika frå Vika i nabosoknet. Så nok om Nils Berner her, men i filmen Shetlandsgjengen blir Nils Berners tragisk lagnad brukt i den mest dramatiske scenen, og Øyvind Steinsvåg spelar seg sjølv i filmen. Ellers spela både lensmann og prestane her i Finnås svært viktige roller gjennom krigstida. Lensmann Robberstad vart av sokneprest Peter Hermansen berømt for sin "meisterlege evne til å balansere" mellom nazistane krav samstundes som at han alltid fekk varsla dei han skulle arrestere når han måtte ut som vegvisar for Gestapo. Og dette utan at nazistane skulle forstå at han berre *spela* rolla som autoritetstru politimann. Peter Hermansen som skreiv under oppropet "På kirkens grunn" der han tilliks med dei fleste prestane i landet la ned sitt embede i protest mot invasjonen, vart sjølv sendt til konsentrasjonsleiren Sachsenhausen for å ha hjulpet til med å løyne flyktningar i tårnet på denne kyrkja. På Finnås prestegard dreiv sokneprest Peter Robertstad og bror hans Nils mest ein slags sentral for flyktningar på flukt frå Gestapos klør over til Shetland. Øyvind Steinsvåg henta mellom anna Nils Robertstad herifrå. Og rutebåten Haugland I som tok opp 40 flyktningar frå Kodlevågen på Stautland og gjekk med dei over Nordsjøen i storm. Ein blir fortald så mye dramatik, lidning og forferdelse frå denne tida, for dei som stod i kampen og for dei rundt både då det stod på og som seinskader, og ein kan lure på om alt er verdt å huske. Kanskje ikkje, eller kanskje me **må** fortelje dette oppatt og oppatt for å bygge størst mogleg motstand i oss sjølve mot nasjonalisme og den autoritære verdiorienteringa som fascisme alltid er tufta på?

Vel, langt meir fredeleg var industrien i soknet. For den finnest, eller fantest i nokon grad. Bakkes Hermetikkfabrikk AS på Vordnes dreiv stort med krabbe, hummar og reka alt i mellomkrigstida, og gav ikkje minst arbeid til mange kvinner i området. Før hermetikkindustrien hadde det vore sildesalting og handel der alt lenge. Frå 1940 vart fabrikkjen på Vordnes omdøpt til Hermetikkfabrikken Ide AS. Leif Steinsvåg, han som hadde værstasjon på Hidle til opp på 2000-talet, var formann på hermetikkfabrikken i ein periode og hadde difor sjølv sagt god greie på hermetikk. Han klaga ein gong til meg over dagens hermetiske krabbe. "Alt for mykje kavring i han no for tida", sa han. Han kjende triksa, og hadde sikkert brukt dei sjølv, men ein måtte kjenna måten. Kavring drøydde krabbakjøtet i boksane, og gjekk i eitt med farge og smak så lenge det ikke vart for mykje.

Eit anna industrieventyr starta så smått i Bjørnevik, der Lars Nilsen Bjørnevik var smed og dreiv verkstad tidleg på 1900-talet. Han flytta imidlertid til Stavanger i 1915, der han bygde opp verksemda Bjørnevik & sønner som produserte Alda-motoren. Fint namn, eg antar at det er den stødige havbølga han har oppkalt motoren etter.

På Geitung er det både alda og sjø. Eg har sjølv sett frå stoveglaset til Olga at sjøane gjekk opp *i Rutle*. Då meinte ho det var for ruskje' å gå til lands eller for andre å koma ut. Idag bur berre Bjarne igjen der ute. Øya vart busett på 1500-talet, hadde si glanstid i 1910 med med 80 fastbuande og 20 ungar i skulen. Moloen kom i 1942 og elektrisk straum litlejulafta 1957. Folketalet minka likevel, og i 1966 vart skulen nedlagt for godt. Halvor Geitung var ein hovding og dreiv som handelsmann og bonde, og sette elles spor etter seg med mange bøker. Ein gong politikaren Berge Furre var på båttur vestom Hiskjo, peika einkvan ombord på Geitung og sa namnet, korpå Furre repliserte " Halvar Geitung, medlem nr. 64 i SF".

Sjølv har eg vore på skulehuset på Geitung ein Kristi Himmelfartsdag eingong på 1980-talet og fått betasuppe, brus og kaffi, spandert på alle gjester av Halvar & co. Mange talent kom frå Geitung. Til dømes Harald Stenvaag som ættar frå Geitung og enno har sommarhus der. Han har 67 meisterskapsmedaljar frå OL, VM og EM. På salmeplata Kristi Blodsdråpe av Åsne Sunniva Søreide frå Tysnes, er det to songar med melodi frå Geitung. Åsne lærte dei av den då eldre kvinna Cecilie Eliassen frå Geitung som var gift til Tysnes.

Siste skyssbåten var skøyta med det flotte namnet Havleik. Raake førte skuta mellom Geitung og Lykling både til faste tider og på oppfordring.

Tja. Eg nærmar meg slutten på mitt manuskript. og eg har sjølv sagt berre skrapa i overflata, og sikkert er mange skuffa over alt eg ikkje veit. Det får so vera, og eg hoppar glatt over tida me lever i no og kjenner så godt. Eg avrundar med å vera litt kry over og minne om kystfuruskogen i soknet som er så spesiell og vakker at den er verna i Sagvatnet Naturreservat for ettertida, og ein lita artig episode frå ein filmpremiere eg såg i Oslo i 2001, nemleg "Det vakreste i verden" med Herborg Kråkevik i hovudrolla som Fiskerjenten. Filmen var basert på Bjørnsons roman med namn "Fiskerjenten". Vel, ute i filmen eit stykke står Fiskerjenten og hesjar medan ho syng ein liten stubb; og kva høyrer eg; Jo; "Brørne i frå Grutlefjorden kjøpte seg ei skøyta, kjøpte seg ei skøyta, kjøpte seg ei skøyta.." Visa er litt lenger og handlar om at brørne frå Grutlefjorden går eindel på grunn med denne båten.. Forklaringa viste seg å vera at barnebarnet til lensmann Robberstad også var med i filmen, og hadde fått planta på Herborg Kråkevik denne vesle stubben av ein gløymt folkesong frå Lykling sokn.

Og dermed takkar eg for meg og mitt forsøk på å dra fram halvgløymte brokker av folkeminne herifrå. Gratulerer til kyrkja med 100 år. Den betyr mykje for mange. Sjølv har eg fleire frå min næraste familie gravlagd på denne kyrkjegarden som må vera

-den vakraste i verda.

Takk for meg!